## 002/11: KLIMA -OG ENERGIPLAN

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Klima- og energiplanen vert vedteke slik den ligg føre:

### 24.01.2011
**Handsaming i Formannskapet:**

Formannskapet føreslo endring i målsetjingane for klima og energiarbeidet i Modalen kommune.

Samrøystes vedteke med dei endringar som vart gjort i møtet.

**FOR-004/11 VEDTAK:**

Klima- og energiplanen vert vedteken med slike målsetjingar for klima og energiarbeidet i Modalen kommune.

**Innan 2015 skal det være:**
- 50 % reintbrennande vedovnar i kommunen
- stønadsordningar for energieffektiviseringstiltak
- system for enøk- og klimarettleiing i byggjesaker
- tilrettelagt for energieffektive næringsparkar
- tilrettelagt for produksjon av ny fornybar energi fra småkraft

**Innan 2020 skal vi:**
- bygd eit kommunalt passivhus
- ha redusert klimautslepp i kommunen knytt til vedfyring med 25%?
- ha redusert elektrisitetsforbruket i kommunale bygg- og anlegg med 20 %
- ha redusert privat elektrisitetsforbruk med 10 %

**Innan 2025 skal vi:**
- ha minst 20 GWH kraftproduksjon fra småkraftverk.

### 10.02.2011
**Handsaming i Kommunestyret:**

Tone Selmer Skuggevik orienterte kort om bakgrunnen for Klima- og energiplanen og gjekk i gjennom dei mål som formannskapet hadde tilrådd og kva tiltak som er føreslegne for Modalen i høve dette. Avslutningsvis vart det synt ein film om Stavanger kommune sitt arbeid med Klima- og Energitiltak.

Samrøystes.